

**REFERAT FRÅ FELLESMØTE FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV (FNF)  
24.-25. 10.2008, SKEI HOTELL, SKEI**

Marino Ask	Sogn og Fjordane Turlag / Styringsgruppa
Alvar Melvær	Sogn og Fjordane Turlag
Jørgen Bruheim	Sogn og Fjordane Turlag
Leiv Sølvberg	4H / Styringsgruppa
Judith Kapstad	Naturvernforbundet
Øyvind Hopland	Norges Jeger- og Fiskerforbund –Sogn og Fj.
Svein Arne Forfod	Norges Jeger- og Fiskerforbund –Sogn og Fj.
Reidun Solberg Seim	Norges Jeger- og Fiskerforbund –Sogn og Fj.
Andreas Tjomsland	Gloppen Padleklubb
Yngvild B Tjomsland	Gloppen Padleklubb
Sissel Strømmen	Sunnfjord Kajakklubb
Sigurd Ellingsen	Indre Sogn Kystlag
Lars Olav Rylandsholm	Kystlaget Hornelen
Ragnhild Mork	Fortidsminneforeningen
Astrid B. Eliassen	FNF kontakt -Sogn og Fjordane
Harald Tronvik – gjest	FNF sentralt
Liv Janne Kvåle – gjest	Fylkesmannen – Miljøvernavdelinga
Joar Helgheim – gjest	Fylkeskommunen – Regionalavdelinga
Bjarte Solås – gjest	Fylkeskommunen – Kulturavdelinga

**Sak 1 Velkomen og presentasjon av deltakarane**

**Sak 2 Gjennomgang av saklista**

Ingen endringar i saklista.

**Sak 3 Presentasjon av Fortidsminneforeningen**

*Ragnhild Mork, Fortidsminneforeningen*

Eige vedlegg

**Sak 4 Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse**

*Bjarte Solås, Fylkeskommunen*

Revisjon ny plan. Mai: innspel frå lag og org. til deler av arbeidet, kva tema skal ein setje fokus på, kva var bra i den vi har no etc. Ønske om meir fokus på friluftsliv, fysisk aktivitet og helse. Fokus på skuleanlegg, bygge gode aktivitetsanlegg i tilknytning til skulane, turstiar, o-kart etc.

Planen skal styre tildeling av t.d. tippemidlar.

Ønsker fleire søknader på friluftstiltak. Friluftsanlegg prioritert, men får få søknader (ca. 3% av total ramme). Lag / org må få kommunane til å prioritere friluftsanlegg i sine planar.

Stønadsordningar til friluftsliv er gode, 50% tilskot. Få kommunane til å stå som søkjarar, dei har momsrefusjon, då får ein nesten gratis anlegg.

Astrid og Liv Janne set i gruppa som ser på friluftslivdelen.

Ny plan i oktober 2009 for 2010-2013

Tippemidlar: o-kart, turkart (kan ha dei opplysningane ein ønsker inn her), opplæringskart, tursti, turveg, løyper.

## **Sak 5 Nyleg oppdatert miljøstatus for Sogn og Fjordane**

*Liv Janne Kvåle, Fylkesmannen*

<http://sognogfjordane.miljostatus.no>

Arealbruk, dyr og plantar, friluftsliv, kulturlandskap, klima, naturområde, støy, vatn, avfall, miljøgifter, kart og miljødata og nøkkeltal.

Til dei fleste tema: 1) tilstand 2) Konsekvensar 3) Påverknad 4) Tiltak

Mange kart, t.d. verneområde, statleg sikra områder etc. Fagrapportar, status.

Veldig mykje informasjon innan desse tema.

Friluftslivsmidlar. Nytt rundskriv.

Tiltak i friluftslivsområde, statleg sikring av friluftsområde og friluftaktivitet.

Fristar: kommunenivå 15. des, regionalt 15. januar.

Sjå vedlegg.

## **Sak 6 Fellesaktivitetar / arrangement – ta vare på fellesskapet og korleis byggje vidare og kvifor**

*Øyvind Hopland, NJFF –Sogn og Fjordane*

Jakt- og fiskeskular på linje med kulturskular, idretten. Samarbeid mellom organisasjonane, t.d. 20 aktivkvitetar i året, litt aktivitetar frå kvar org.

FNF organisasjonane må gå ilag, stiller sterkare i forhold til andre påverknader, spes frå internett, dataspel og filmar. Må få samarbeid på lokalplan. Felles aktivitetar, bytte på ansvaret og passe på kollisjonar med andre arrangement.

FRIFO sentralt: møte med sentrale organisasjonar, felles løft mot ungdom.

Miljøverndep. sett av 5 mill til prøveprosjekt: den naturlege skulesekken (prosjekt som skal styrke natur og miljø i skulen).

## **Sak 7 Korleis auke interessa for friluftsliv**

*Marino J Ask, Sogn og Fjordane Turlag*

Sjå vedlegg

## **Nordisk 4H-leir på Breim 22.-29. juli 2009, Leiv Sølvberg**

Sjå vedlegg.

## **Sak 8 Fylkesdelplan for småkraft og vindkraft**

*Joar Helgheim, Fylkeskommunen*

Sjå vedlegg.

Sogn og Fjordane skal vere eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av energi ved å utnytte vindkraft og fastsette retningsliner som sikrar at verdiar vert teke omsyn til ved handsaming av utyggingsiltak etter vassdragslovgjevinga og plan og bygningslova.

Svært urovekkande at ikkje reiselivsnæringa er med i prosjektgruppa. I planprogrammet står det at reiseliv som tema er ukjent. Organisasjonane bør gå saman med reiselivsnæringa og framskaffe informasjon om naturbasert reiseliv som prosjektgruppa må ta med seg.

Uforståeleg at ein på politisk hald seier ein skal oppretthalde det biologiske mangfaldet (naturmangfaldloven), når ein samstundes skal ha så mykje kraftproduksjon i vårt fylke.

Busetnaden i Sogn og Fjordane: kvifor bur ein i bygda, vil ungdomen kome tilbake?

Framtidige kjelder til energi ligg ikkje i sentrale strøk på Austlandet.

Høyring tidleg sommar, frist sept/okt. Org få dekkja kostnader til synfaringar?

## **Harald Tronvik –**

Statsbudsjettet. –styrking stimulere aktivitet og 3. sektors rolle. Posten auka med 3 mill. Driftsstøtte til FNF kjem ikkje under her. Noko går til FM sine aktivitetsmidlar, noko til FNF.

Harald går av ved nyttår og vart takka av forumet i Sogn og Fjordane.

## **Sak 9 Aktuelle Naturvernsaker**

Brev frå FNF Nordland til OED. Svært godt skriv.

Astrid har laga ein omskreva versjon frå Sogn og Fjordane, tar med vindkraft. Sender det til OED og media.

Alvar:

- vindkraft – 7 nye saker på høyring.
- Eige vedlegg

## **Sak 10 Aktivitetsplan for 2009 og forslag til langsiktig plan.**

- Fylkesdelplanar for vindkraft og vasskraft.
- Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse.
- Fylkesdelplan for klima og miljø.
- Friluftsskule / jakt, fiske og friluftsskule
- Nordisk 4H leir 22.-29. juli 09, Breim.
- Sogn og Fjordane Turlaget sin baseCamp 30.06-03.07.09
- 4H sitt storkurs 24.-26.04.09
- NJFF sin Fylkesleir for ungdom på Nesholmen 5.-7.06.09
- Samarbeidsprosjekt eigen leir for eldre ungdom ? Leikanger jfl har sett opp Villmarksleir 15+ i Leikanger 26.-28.06.09
- Meir møteverksemd for å møte organisasjonane.
- Fylkesmagasinet og presentasjon av organisasjonane har vi hatt i år. Ynskjer meir stoff generelt frå organisasjonane dersom vi skal forsetta med å ha to sider i månaden

## **Sak 11 Prosjekt – nye – vidareføring – til søknad av midlar 2009.**

Budsjett – eige vedlegg.

Auke stillinga, ha prosjekt som kan bli varig del av stillinga. Søkjer om 100% stilling.

Kan vere aktuelt å dele arbeidsoppgåvene på fleire personar og organisasjonar.

FRIFO sentralt bør ha ein person som har kontinuerlig kontakt med FNF kontaktene, følgjar opp. Sentrallet bør ta seg av utlønning, arbeidsgj.ansvaret og ha ansvaret for å skaffe midlar til lønningane.

Prosjekt: meir midlar til jobbing med saker på vasskraft, vindkraft, fylkesdelplanar.

Ikkje berre til dekking av reiseutgifter, men kompensasjon til organisasjonane.

-

## **Sak 12 Prosjekt Nettsida – utforming og bruk**

[www.fnf-nett.no/sognogfjordane](http://www.fnf-nett.no/sognogfjordane)

Astrid orienterte om nettsida og tankar om ny utforming. Vi får prøve oss fram med fakta stoff. Huske å ta ut gammalt stoff.

Marino Ask orienterte om prosjektet til Sogndal Turlag i Solund. – eige vedlegg.

Etter lunch utarbeida vi ferdig brevet til OED og forfatta pressemeldinga til avisene og nrk i fylket.

Reidun Solberg Seim (Leiv Sølvsberg frå og med sak 12)  
-Referent